

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 115/2007

av 28. september 2007

om endring av vedlegg XI (Telekommunikasjonstenester) og protokoll 37 til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98 og 101, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 22/2007 av 27. april 2007⁽¹⁾.
- 2) Protokoll 37 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 10/2004 av 6. februar 2004⁽²⁾.
- 3) Kommisjonsavgjerd 2006/215/EF av 15. mars 2006 om skiping av ei gruppe av sakkunnige på høgt nivå som skal gje Europakommisjonen råd om gjennomføring og utvikling av i2010-strategien⁽³⁾ skal takast inn i avtala,
- 4) For at avtala skal fungere godt, må protokoll 37 i avtala utvidast til å omfatte gruppa av sakkunnige på høgt nivå som vart skipa ved avgjerd 2006/215/EF, og vedlegg XI endrast for å omfatte framgangsmåten for tilknytting til gruppa,
- 5) Kommisjonsavgjerd 2005/752/EF av 24. oktober 2005 om skiping av ei ekspertgruppe for elektronisk handel⁽⁴⁾ vart teken inn i vedlegg XI til avtala ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 120/2006.
- 6) For at avtala skal fungere godt, må protokoll 37 i avtala utvidast til å omfatte ekspertgruppa for elektronisk handel som vart skipa ved avgjerd 2005/752/EF, og vedlegg XI endrast for å omfatte framgangsmåten for tilknytting til gruppa –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEU L 209 av 9.8.2007, s. 40, og EØS-tillegget til TEU nr. 38 av 9.8.2007, s. 27.

⁽²⁾ TEU L 116 av 22.4.2004, s. 58, og EØS-tillegget til TEU nr. 20 av 22.4.2004, s. 13.

⁽³⁾ TEU L 80 av 17.3.2006, s. 74.

⁽⁴⁾ TEU L 282 av 26.10.2005, s. 20.

Artikkel 1

I vedlegg XI i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 5n (kommisjonsavgjerd 2005/752/EF) skal nytt nr. 5o lyde:

”5o. **32006 D 0215:** Kommisjonsavgjerd 2006/215/EF av 15. mars 2006 om skiping av ei gruppe av sakkunnige på høgt nivå som skal gje Europa-kommisjonen råd om gjennomføring og utvikling av i2010-strategien (EUT L 80 av 17.3.2006, s. 74).

Framgangsmåte for Liechtensteins, Islands og Norges tilknytning i samsvar med avtalens artikkel 101:

Enhver EFTA-stat kan i samsvar med kommisjonsavgjerd 2006/215/EF nr. 3 oppnevne én person til å delta som observatør ved møtene i høynivågruppen for i2010-strategien.

Kommisjonen skal god tid i forveien underrette deltakerne om datoene for gruppens møter, og oversende relevante dokumenter.”

2. I nr. 5n (kommisjonsavgjerd 2005/752/EF) vert følgjande lagd til:

”Framgangsmåte for Liechtensteins, Islands og Norges tilknytning i samsvar med avtalens artikkel 101:

Enhver EFTA-stat kan i samsvar med kommisjonsavgjerd 2006/215/EF nr. 3 oppnevne én person til å delta som observatør ved møtene i høynivågruppen for i2010-strategien.

Kommisjonen skal god tid i forveien underrette deltakerne om datoene for gruppens møter, og oversende relevante dokumenter.”

Artikkel 2

I protokoll 37 til avtala (liste omhandla i artikkel 101) skal nye nr. 18–19 lyde:

”18. Ekspertgruppen for elektronisk handel (kommisjonsavgjerd 2005/752/EF).

19. Høynivågruppen for i2010-strategien (kommisjonsavgjerd 2006/215/EF).”.

Artikkel 3

Teksta til avgjerd 2006/215/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. september 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferdiget i Brussel, 28. september 2007

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.